

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i påsketida – 12. april 2015

Preiketekst: Joh 21, 15-19

Lesetekst I: Jer 31,1-6 eller Apg 3,12-21

Lesetekst II: 1 Joh 5,1-5

Til Guds ære

*Herre, du kalte disipler, blant folk uten rikdom og rang.
Vaklende var de i troen, de feilet og falt gang på gang.
Alle forlot deg i nøden, fryktsomme svek de sin venn.
Du som var trofast til døden, ble stående ensom igjen.*

Slik syng Liv Nordhaug. Ikkje vanskeleg å sjå at ho skriv om Peter, og dei andre læresveinane – men også om oss, om meg! Både hennar tekst, og preiketeksten denne dagen, er ei skildring av eit nærgående og personleg møte mellom Jesus og Peter. Samtalen mellom dei to har ofte vorte kalla for kyrkja sin første og viktigaste ordinasjonssamtale. Her er både store og sterke ord om kjærleiken – samstundes som dei er lågmælte og intenst nærgående.

Jesus lever

Men først: God påske! Velsigna påsketid! Me seier ikkje lenger: Vel overstått. Men nettopp: God eller velsigna påske eller påsketid! Jesus lever!

Før vart dagen kalla første søndag etter påske; på latin gjerne ”Dominica in albis” – søndagen i kvitt. Det var denne dagen at dei nydøypte tok av seg dei kvite dåpsklede dei hadde bore sidan påskennatt. Dagen er den 8. påskedag, også kalla påskens oktav - som ber i seg gleda over at Jesus lever og møter venene sine!

Bålet på stranda varma nok godt. Det kan vera kaldt i morgontimane der ved Gennesaretsjøen. Læresveinane var oppstemte, men også fylte av ærefrykt. Det siste kastet ga storfangst; og dei visste nok kven dei kunne takka for at dei no hadde rikeleg å eta. Jesus steikte fisken. Kanskje Peter sat litt for seg sjølv, i djupe tankar? Kanskje han fraus nedover ryggen, ikkje først og fremst fordi han hadde kasta seg i vatnet. Men fordi bålet minna han om eit anna bål, for ikkje lenge sidan. Då var det ein hane som gol. Ikkje berre ei gong svikta Peter sin gode ven, men tre. Eg kjenner han ikkje! Desse fire blytunge orda var det nok som gnog og herja inne i Peter.

Elskar vi Jesus?

Så endrar det heile seg. Jesus tek initiativ til ein samtale med Peter - og han går rett på. Han spør Peter, utfordrar han og gjev han oppgåver. Det må ha vore godt å oppleve at Jesus ikkje støytt han vekk, men at han ville og kunne bruka han framleis.

Ulike omsetjingar har litt ulike ord for stigninga og intensiteten i dei tre spørsmåla til Peter. Og greskkunnige seier at dette er litt utfordrande å få heilt fatt i også på gresk. Når Jesus spør Peter om du elsker meg meir enn desse, så ligg det i alle fall tre tydingar eller nivå:

- 1) Elskar du meg meir enn desse greiene her - altså båten, garna, fiskaryrket, kollegafellesskapet?
- 2) Elskar du meg meir enn dei andre/venene dine elsker meg?

-3) Elskar du meg meir enn du elskar dei andre/venene dine?

Vilje til kjærleik

Tolking og forståing av Peter sine svar er kanskje litt enklare. Dei fleste antydgar at Peter ikkje vågar dei store orda. Du veit eg har deg kjær. Men svar nummer tre er litt annleis. Evangelisten fortel at Peter vart lei seg. Ikkje vanskeleg å forstå. Minnene om sviket kjem sikkert sterkare og sterkare fram. Er det slik at Jesus tek dette opp att tre gonger fordi han eigentleg ikkje trudde på han? Peter opplever vel dette som om ein lege skulle reinsa eit verkjande sår. Til slutt gjev han seg heilt over: Herre, du veit alt! Du veit at eg held av deg.

Dei av oss som har vorte vigde til ein ektefelle, har alle fått det store spørsmålet om å akta, æra og elska den vi skal leva saman med i truskap livet ut. Men det er ikkje den fullkomne kjærleiken det vert spurt etter. Det er heller ikkje evnen til kjærleik, men viljen. Ikkje kan du, men *vil* du....elska, akta, æra?

Til Guds ære

Det er stigning og intensitet også i dei tre oppgåvene Jesus gjev til Peter: Fød lamma mine. Gjæt sauene mine. Fød sauene mine. Gje mat til dei små. Ta vare på dei store. Gje mat til dei store. Så kjem klimakset: Ikkje berre livet ditt skal vera i mi teneste og til Guds ære. Men når du ein gong skal døy, skal det óg vera til Guds ære.

Er det også vårt kall: å æra Gud både med livet – og med/i døden?

Guds miskunn

Framleis lever martyriet i den verdsvide kyrkja. Og mange som ikkje må lata livet, lever under hardt press og forfølging. Men den kyrkja Jesus ordinerte Peter til, skal aldri døy eller forgå. Men etter som tida går, vil ein koma nærare og nærare fullendinga og det fullkomne, slik Ronald Fangen syng så sterkt om. Ikkje fordi verken Peter, eller alle oss læresveinar i dag, er spesielt fortreftelege. Men fordi Han har makta, Han fører si sak fram. Han elsker oss langt sterkare enn me er i stand til å elska Han.

Leseteksten frå Jeremia understrekar Guds nåde og miskunn. Med evig kjærleik elskar han alle folk, både sitt eige jødiske, og alle andre folk. Det er stadig fleire av hans eigne som ser at Jesus var/er Messias, og kjem til tru på han. Dei svarer ja når Jesus møter dei med sitt: Følg meg. Det må også vera vårt svar når Jesus – den levande Messias og frelsaren - møter oss!

Liv Nordhaug held fram:

Herre, du kaller fremdeles, de små til ditt storverk på jord.

Fortsatt skal stammende vitner, forkynne ditt evige ord.

Tomme og fattige hender, fylles med under fra deg.

Sterk er den svake du sender, på kallets og løftenes vei.

God søndag!

God påske!

Paul Odland

Utdanna diakon, bakgrunn frå NLM, ImF, Dagen og NLA. Misjonssekretær i Israelsmisjonen, Stavanger krins sidan 2011. Medlem i Landsstyret som representant for dei tilsette.

stavanger@israelsmisjonen.no